

Fra: Jørgen Amdam
Sendt: 21. mars 2018 08:56
Til: Sonja Håvik
Emne: VS: Botnavegen, Kommunestyret 22.03

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Kategorier: Blå kategori

Hei – kan du legge ut dette til KS i morgen?



Jørgen Amdam

Ordfører

Ordfører

Direkte 95463942 Mobil 95463942

www.volda.kommune.no

Fra: Pål Are Vadstein
Sendt: tysdag 20. mars 2018 18:30
Til: Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>; Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>
Kopi: Rune Totland <Rune.Totland@volda.kommune.no>
Emne: Botnavegen, Kommunestyret 22.03

Hei

Viser til PS 34/18 som skal opp i Kommunestyret fyrstkomande torsdag. Før ein bankar endeleg vedtak gjennom vil eg her kome med nokre få presiseringar.

1. Som gjort greie for i saksdokumentet, så kan uttrekk av deltiltak komplisere situasjonen noko, då gjeldande tilbod på opsjonen er del av eit samansett prisbilete, der vi har forhandla fram ein god pris basert på at Opsjon 4 skal gjennomførast i sin heilskap. Med uttrekk av asfalt frå Nymark til Botnasanden, kan reelt uttrekk verte noko mindre enn det som står i saksdokumentet.
2. Det kanskje viktigaste momentet, er at asfalten utgjør ein del av den totale forsterkinga av vegen, med nytt gruslag og vegnett. Tek ein ut asfalt, vert det ein dårlegare veg. Dette er entreprenør som fagkyndig også heilt tydeleg på. Asfalten er såleis ein viktig del av den heller beskjedne utbetringa som vert gjort på dette strekket. Då det vert gjort mindre forsterkingar i veglaget på dette strekket enn elles, så spelar asfaltlaget ei viktigare rolle her mtp. vegens kvalitet.
3. Utifrå driftsmessige omsyn, vil det vere ein fordel at heile vegen har asfalt. Grusveg medfører vegvedlikehald. Vegstubben frå Nymark til Botnasanden skal både brøytast, grusast, avrettast osv. slik som resten av Botnavegen. For drifta på kommunalteknisk er det ein fordel om ein får fast dekke også her.
4. All den dag politikarane seier at Botnavegen skal utbetrast heilt fram til Botnasanden, så vil det utifrå pkt. 1-3 i tillegg til det heller beskjedne uttrekket som ev. vert, kanskje framstå underleg om ein ikkje fullfører med asfalt heilt fram til Botnasanden.

Dette er viktige moment, som eg ber om at ein tek med seg inn i den endelege avgjersla som skal takast på torsdag.

Utdrag frå saksdokumentet:

Dei nye summene er allereie gjort greie for, og er utforma med bakgrunn i at heile strekket skal takast. Å gå i gang med å trekkje ut diverse deltiltak her, kan komplisere situasjonen noko, då det no er gitt ein totalpris med grunnlag i at pkt. 1-5 nedanfor skal gjennomførast. Likevel; den politiske leiinga lyt ta endeleg stilling til dette.

101



Pål Are Vadstein

Ingeniør bygg og anlegg - prosjektleiar

Kommunalteknisk

Mobil 90715765

www.volda.kommune.no



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Siri Birkeland Solheim

Arkivsak nr.: 2017/1987

Arkivkode: 614

Utvalsaksnr

42/18

Utval

Kommunestyret

Møtedato

FINANSIERING AV KAPASITETSUTVIDING VED MORK BARNEHAGE ETTER INNKOMNE ANBOD

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret godkjenner ei tilleggsfinansiering på kr. 824.000,- for å kunne ferdigstille tilbygget til Mork barnehage med inventar og opsjonar. Tilleggsfinansiering vert finansiert via låneopptak.

Løyvde midlar til prosjekt avbøtande tiltak barnehagar på kr. 400.000,- (eks. mva) vert overført til prosjekt Mork barnehage.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Det er tidlegare vedtatt å løyve pengar til å etablere eit tilbygg til Mork barnehage for å auke kapasiteten til barnehagen. Arbeidet med etablering av tilbygget er satt i gang, og det står no på ny plassering inne på barnehagetomta.

Gjennom arbeidet med etableringa og planlegginga av utforminga av tilbygget, har det kome opp fleire uforutsette kostnader. Dette er både kostnader for innreiing, løysingar som er kome opp som ynskjer i etterkant av gjennomføringa av kostnadsanalysen og ekstraarbeid i samband med grunnarbeidet på plassen. I tillegg til desse kostnadane har det berre kome inn eit tilbod på arbeidet med å bygge om og pusse opp tilbygget, og dette tilbodet ligg høgare i pris enn kostnadsanalysen.

På grunn av desse forholda er det behov for tilleggsfinansiering for å få eit tilbygg som er komplett og klart til bruk for barnehagen.

Saksopplysningar/fakta:

I PS 101/17 vart det vedteke ei kostnadsramme for å etablere eit tilbygg til Mork barnehage. Total ramme for tilbygget er per i dag på kr. 1 986 400,- eks. mva som også inkluderer pengar satt av til avbøtande tiltak i barnehagar. Løyvinga på totalt 0,4 mill til avbøtande tiltak i barnehagar, er i si heilheit overført til dette prosjektet. Tilbygget er no etablert inne på barnehagen sitt areal, og arbeidet med å sette tilbygget i stand for barnehagedrift har vore ute på anbod.

I prosessen med å planlegge tilbygget har det kome opp fleire ufortsette kostnadar med å ta inn 12 ekstra born til småbarnsavdelinga i barnehagen. Dette er til dømes kostnadar med ekstra vognskur, tilrettelegging for soveplassar under tak og liknande. Desse løysingane er delvis tatt inn i hovudutføringa av prosjektet, og delvis som opsjonar.

I det opphavelge budsjettet er det heller ikkje satt av pengar til innreiing/inventar i bygget, då dette vanlegvis ikkje vert levert i prosjekta. I tillegg til dette har det kome meirkostnadar med grunnarbeidet på tomte på grunn av utfordringar med terrenget og overvatnet i området.

Tilbygget som er planlagt ved barnehagen aukar kapasiteten med 12 born, og desse startar i barnehagen neste barnehageår (august 2018). For å få på plass tilbygget til august, vart arbeidet med ombygginga/oppussinga utlyst med fleire opsjonar. Gjennom denne konkurransen kom det berre inn eitt tilbod, og prismessig låg dette tilbodet høgare enn kostnadsanalysen. Det har ikkje vore anledning, tidsmessig, til å gå fleire rundar med utlysing for å skape meir konkurranse om arbeidet og på denne måten få ned prisane på arbeidet.

For å få starta arbeidet så fort som mogleg er det inngått kontrakt på hovudarbeidet (utan opsjonar), då ein har hatt dekning for dette i budsjettet. Ein ser likevel at det er sterkt ynskjeleg å få utløyst opsjonane for å kunne få eit tilbygg som er praktisk og godt i bruk for barnehagen.

Total kostnadsoppstilling for prosjektet etter innkome tilbod er:

	<i>Eks mva</i>	<i>Inkl. mva</i>
Budsjett	1 986 400,-	2 483 000,-
Hittil brukt i prosjektet	377 197,-	471 496,-
Kostand for resterande arbeider	1 622 000,-	2 027 500,-
Kostnad for opsjonar	311 000,-	388 750,-
Kostnad innreiing	200 000,-	250 000,-
Administrasjonskostnadar og risiko	300 000,-	375 000,-
Totale kostnadar	2 810 197,-	3 512 746,-
Avvik budsjett	-823 797,-	-1 029 746,-

Økonomiske konsekvensar:

Auka finansiering på kr. 1.030.000,- finansiert via låneopptak på kr. 824.000,- og momskompensasjon på kr. 206.000,-

Vurdering og konklusjon:

Morkområdet er eit område der barnetalet er aukande og dette har innverknad på kapasitet i både skulen og barnehagen. Det er no vedtatt fleire tiltak for å få utvida kapasiteten og lage eit godt barnehage- og skuletilbod for bebruarane i krinsen. Administrasjonen meiner difor at det er viktig at ein får etablert tilbygget på ein slik måte at det ikkje er behov for nye arbeider om nokre år, og at det er fornuftig å få desse tinga på plass medan det pågår arbeid her og området er avsperra.

Det er difor administrasjonen si tilråding at det godkjennast ei tilleggsfinansiering på kr. 824.000,- som finansierast via låneopptak.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kjell Magne Rindal
eigedomssjef

Utskrift av endeleg vedtak:**Klageinstans:**